



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/27 - 16/28931

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

17.10.2016

Førehandsvarsel om pålegg om installering av fettutskiljar - kantine Knarvik vidaregåande skule - gbnr 185/66 Gjervik Ytre

Saka gjeld:

Teknisk drift har i tidlegare korrespondanse med Hordaland fylkeskommune kravd installering av fettutskiljar ved Knarvik vidaregåande skule sin kantine. I samband med dette kravet vart det opplyst frå fylkeskommunen at dei ville endre produksjonen ved skulen for å slippe kostnader med installering av utskiljaranlegg. Kantina ved skulen skulle berre produsere påsmurte rundstykker og baguetter. Teknisk drift har registrert at det ved kantina framleis vert produsert varm mat (pizza, raspeballer, lasagne etc). Kommunen sitt krav om installering av fettutskiljar vert difor gjort gjeldande.

Teknisk drift gir nå eit førehandsvarsel om vedtak om pålegg om installering av fettutskiljar ved Knarvik vidaregåande skule.

Eigar eller den ansvarlege sine plikter:

Hordaland Fylkeskommune er abonnent på avlaupstenester i Lindås kommune. Som abonnent på kommunale avlaupstenester er fylkeskommunen ansvarleg for å få på plass lovpålagt utstyr slik at fett ikkje vert ført ut på kommunalteknisk anlegg. Fett påfører kommunalteknisk anlegg store skader og medfører at kommunen får auke i utgifter til drift og vedlikehald av anlegget. I tillegg vil fett på privat og kommunalt leidningsnett føre til aukt fare for tilbakeslag i bygg.

Kantina ved Knarvik vidaregåande skule faller inn under verksemder som er lovpålagt å ha fettutskiljar (*jf.* forskrift for fettutskiljar Lindås kommune). Størrelse på anlegg vert bestemt ut i frå produksjonen ved verksemda. I forskrift for fettutskiljar Lindås kommune, har kommunen sett krav til minste tilletne størrelse på anlegg (NS 4). Denne størrelsen vert godkjent dersom berekningsgrunnlag tilseier at dette er forsvarleg.

Anleggseigar har ansvar for ettersyn, tømning og vedlikehald av utskiljaranlegg som er knytt til kommunalteknisk anlegg iht til gjeldande forskrifter, utslippsløyver og øvrige vilkår som er satt. Anleggseigar skal kvart år sende inn ei årsrapport anlegget. Føremål med årsrapport er at anleggseigar skal dokumentere forsvarleg drift og vedlikehald av anlegg, samt vise at anlegg tilfredsstillar krav ut utlipp av fetthaldig

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



avlaupsvatn. Årsrapporta skal innehelde tømmerapport, drift og vedlikehaldsrapport og temperaturlogging av anlegg.

Teknisk drift, VVA, gir med dette eit førehandsvarsel om pålegg om installering av fettutskiljar ved Knarvik vidaregåande skule.

Teknisk drift sett ei frist til **måndag 12.12.2016** for å gje ei tilbakemelding på status med å få på plasse utskiljaranlegg ved kantina til Knarvik vidaregåande skule. Dersom kommunen ikkje har motteke ei tilbakemelding innan gitte frist, vil kommunen fatte vedtak om pålegg om installering av slikt anlegg. I dette vedtaket vil det verte sett ei endeleg frist for når anlegg skal være på plass.

Det er med heimel i forureingsforskrifta § 15A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune (02.02.2006) og «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift gir førehandsvarsel om pålegg om å få på plass utskiljaranlegg ved Knarvik vidaregåande skule.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020

BERGEN